



To jenter frå Vaksdal som Sigrid er grandtanta til - Sunniva og Anna Elisabeth - såg utstillinga i dag. Her sit dei framfor eit beitemotiv som har henta inspirasjon i nærleiken av Uskedalen

**Då festivalutstillar og uskedeling Sigrid Øyrehagen opna salsutstillinga i Undarheim på Husnes i dag var det raude lappar på 7 av dei opphengte 21 bileta. Det tykte ho var eit godt sal så langt - før utstillinga starta på laurdag og sundag med 3 timars opningstid kvar av dagane.  
Ellers bur ho på gamle trakter på Døslandssido og stortrivs i ei røykstove frå 1822. som er fint restaurert.**

Ellers er det mange kunsthistorikarar som har rosande ord om den produktive og fargeglade kunstnaren frå Uskedalen. Ein av dei er Jan Kokkin som meiner Sigrids billedverd frå ein oppvekst i vestlandske stover er inspirert av Harriet Backers mange og fargrikt impresjonistiske interiører frå østlandsbygdene.

Dei to kunstnarane deler den same gleda over lysets fall inn i rommet og billedflatens oppbyggjing i pastose strøk. Berre med den ikkje obetydelege skilnad at i Øyrehagens endelege verk er det ikkje måla eit einaste strøk.

Bileta er trylla fram av gjennom trykkplater og trykkfarger til saftige monotypier som til forvekslin er lik nettopp oljemåleri. Med trykkplåta kan så kunstnaren laga variasjonar over det same motivet der tettheiten blir erstatta av ein luftigare lettheit, skriv Kokkin om monotypiteknikken som har gjort Sigrid så kjent og omtykt.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen